


Du må søkje om å skifte ut leidningen, etter plan- og bygningslova § 20-1 første leddet bokstav a, med mindre kommunen gjer særskilt unntak. Sjå nettsida til kommunen eller kontakt bygningsstyresmakta i kommunen for meir informasjon om søknadsplikta.

Dersom anboringa må skiftast, må røyrleggjarføretaket som hjelper deg med reparasjonsarbeida, ta kontakt med kommunen.



Illustrasjon: Geir Moen

Dersom det viser seg at det ikkje er nokon lekkasje på leidningen

Dersom lekkesjelyttarane ikkje finn nokon lekkasje på leidningen din, vil kommunen dekkje utgiftene du har betalt firmaet.

Dersom gravinga viser at lekkasjen er på den kommunale hovudleidningen, vil kommunen dekkje alle rimelege og nødvendige utgifter du har hatt knytte til arbeidet med å stanse lekkasjen.

Når lekkasjen er reparert

Straks vasslekkasjen er stansa, ber vi om at du saman med røyrleggjarfirmaet fyller ut og returnerer skjemaet *Tilbakemelding om utført arbeid*.



Stopp lekkasjen på vassleidningen




Foto: Bergen kommune

Ein lekkasje av storleik som ein blyant kan forsyne 100 bustader med drikkevatt

Di plikt til å stanse lekkasjar

Når du eig ein bygning som er knytt til den kommunale vassforsyninga, er leidningen frå bygningen og fram til den kommunale hovudleidningen ditt ansvar og din eigedom.

Dersom fleire eigedommar har sams stikkledning som er knytt til den kommunale hovudleidningen, er det ofte gjort avtalar om vedlikehald. Dersom avtalen er tinglyst, kan du finne han hos Kartverket. Normalt pålegg abonnementsvilkåra til kommunen eigarane eit solidarisk ansvar for å halde den felles stikkledningen ved like.



Illustrasjon: Augon Johnsen

Plan- og bygningslova § 31-3 pålegg eigaren ansvaret for å halde leidningen i stand, slik at det ikkje kan oppstå fare for skade på, eller større ulempe for, person, eigedom eller miljø.

Det går òg fram av abonnementsvilkåra til kommunen at den som eig leidningane, er ansvarleg for at vass- og avløpsanlegget på eigedommen alltid er i forsvarleg stand.

Vasslekkasjar må stansast så raskt som mogleg fordi:

- Lekkasjar fører til meirutgifter for vassverka og dermed auka gebyr for deg som abonnent.
- Det reduserer risikoen for at du og naboane misser vatnet.
- Når trykket i leidningen fell på grunn av lekkasjar, aukar faren for at det siver inn forureina vatn frå grunnen og inn i vassleidningen.
- Trykket i vassleidningen din blir betre.
- Det reduserer faren for at du får vasskade på eigedommen.
- Når ein vasslekkasje først har oppstått, vil han kunne utvikle seg til eit større leidningsbrot med påfølgjande store skadar på bygningar og terreng.
- Lekkasjar på private leidningar gjer det vanskelegare å oppdage større lekkasjar på dei kommunale leidningane.

Det er miljøvennleg og god økonomi å ta vare på vatnet ved å stanse lekkasjar på leidningane.

Korleis går du fram for å stanse lekkasjen

Du bør straks kontakte:

- Forsikringsselskapet ditt
- Eit firma som driv med lekkasjelytting
- Eit godkjent røyrleggjarføretak (røyrleggjarføretaket kan svare på om det er godkjent for denne typen oppdrag)

Forsikringsselskapa kan ofte setje deg i kontakt med lekkasjelyttefirma og røyrleggjarføretak.

Gjennom lekkasjelyttinga kan vasslekkasjen lokaliserast. Du må ikkje bruke vatn medan dei lyttar etter lekkasjen.

Dersom lekkasjelyttinga viser at det er lekkasje på leidningen din, må leidningen gravast fram. Berre eit godkjent røyrleggjarføretak kan reparere leidningen. Reparasjon av brot på vassleidningen er normalt ikkje søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

Dersom leidningen er gammal og i dårleg stand, er det som regel lurt å skifte heile leidningen for å unngå lekkasjeproblem i framtida. Dersom du har vassleidning av galvanisert stål, ser vi helst at du skifter han ut. All erfaring viser at slike leidningar ikkje varer lenge og bør skiftast ut før dei rustar sundt.

Eit alternativ kan vere å rehabilitere leidningen ved å trekkje inn ein ny, mindre ledning eller ei plaststrømpe på innsida av den eksisterande leidningen.